

Bruk pose til hundeskiten

29.11.2009



**Nok ein gang har uskedalen.no fått henvendelsar frå irriterte turgåarar. Irritasjonen er retta mot dei hundeeigarane som ikkje tar ansvar for å ta med seg hundeskiten i pose når kjæledeggen er ute på tur og må gjera sitt fornødne.**

Ein turgåar hevdar at det er for mykje hundeskit både midt på fortau/gang- og sykkelveg, og på andre turvegar. Det vert og hevda at problemet har auka på etter at mørket har senka seg. Slik skal det ikkje vera!

Vi veit at dei fleste er flinke til å ta ansvar og har med nødvendig hundepose når dei er ute påtur. Målet må vera at alle gjer dette. Derfor må alle ha med hundepose og bruka den ved behov. Det gjer det mykje trivelegare for alle.